

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Vår dato: 10.12.2021

Vår ref.: 202011512-5

Dykkar ref.: PLAN - 20/00307

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande/
Toralf Otnes 22 95 95 27/toot@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan - Salmar Genetics AS - Vågstranda - Gnr. 193 bnr. 2 mfl. og Gnr. 194 bnr. 7 mfl - Vestnes kommune

Vi viser til brev datert 03.11.2021. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for Salmar Genetics på Vågstranda i Vestnes kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for ny utbygging, fylling i sjø med kai og utviding av næringsareal.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 14.10.2020. Der peika vi på stabilitet i grunnforholda for både tiltak på land og i sjø, omsyn til flaum og erosjon, overvatn og omsyn til vassdragsmiljø som tema planarbeidet måtte avklare.

Områdeskred av kvikkleire

Planområdet ligg ved sjøen under marin grense. Temakartet «*Aktsomhet marin leire*» syner moglegheit for samanhengande førekomstar av marin leire. Der det er marin leire kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire.

ROS- analysen omtalar fare for kvikkleireskred slik: *Der er gjennomført grunnundersøking av området, ikkje funn av sprøbrotmateriale.»*

Vi har på førespurnad fått oversend to datarapportar. I Multiconsult sin rapport datert 26.09.2019 ser vi at det er utført 8 totalsonderingar i planområdet. Desse syner at grunnen til berg generelt består av grove massar av sand og grus. Ei grunnundersøking utført av Norconsult 04.03.2020 om lag 200 meter aust for planområdet syner liknande resultat.



Vi registrerer at det ikkje er kvikkleire i planområdet. I følgje NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) må ein og vurdere om planområdet kan ligge i utløpsområde for kvikkleireskred. Denne vurderinga manglar. Før planen vert slutthandsama rår vi til at dette vert gjort.

Utfylling i strandsona kan utløyse skred

Planområdet ligg ved sjøen. Den inneber mellom anna tiltak i strandsona og utfylling i sjøen. I NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. NVE er nøgde med at det er sett krav i føresegnene til geoteknisk prosjektering av mellom anna utfylling i sjøen.

Flaum og erosjon

HydraTeam har vurdert flaum- og erosjonsfaren i Reistadelva. Rapporten er datert 30.12.2020. Flaumsonekartet syner at 200 års flaum med 20% klimapåslag held seg på plass i elveløpet. Dei har og utarbeidd eit kart som syner område der elvebreidda bør erosjonssikrast for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot erosjon som kan tru egedomen.

I plankartet er faresona for flaum frå elva nytta til å avgrense omsynssone H320_2 Flaumfare i plankartet. H320_1 syner fare for stormflo.

NVE er nøgde med at det er sett krav i føresegnene til erosjons- og flaumsikringstiltak før det kan gjevast løyve til bygningstiltak innanfor planområdet.

Ålmenne interesser i vassdrag

Elvestrengen er regulert til V1 og V2 (Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner). Deler av strandsona på austsida av elva er regulert til V (Naturområde i sjø og vassdrag). Det kan sjå ut som om desse er bytta om.

Føresegnene som opnar for flaum- og erosjonstiltak i elvestreng og kantsone meiner vi er litt vide. Vi rår dykk til å avgrense desse til å opne for erosjonssikringstiltak der (t.d. føresegnsområde) det er eit påvist trong for det, og at det er høve til å ta ut masse i elva etter flaum slik HydraTeam sin rapport påviser trong for. Då elva fører anadrom laksefisk oppmodar vi dykk til å sette krav i føresegnene om at det i samband med erosjonssikring og oppreinsking etter flaum ikkje må etablerast vandringshinder.

Generelt

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#).



Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkelser), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Vestnes kommune

Kopimottakarliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL